



AUSTRHEIM KOMMUNE



Radøy kommune

Avtale om kjøp av tenester innan barnevern mellom Austrheim kommune og Radøy kommune.

På bakgrunn av sjukemeldingar i Austrheim barnevern, kjøper Austrheim kommune tenester frå Radøy barnevern i ein periode. Radøy barnevern kan yte tenester til Austrheim i den grad dei har ledig kapasitet.

Austrheim kommune kjøper tenester innan barnevern frå Radøy kommune i eit tidsrom frå om med 19. august 2016.

Tenester som kan kjøpast er:

- Gjennomføre undersøkingar i barnevernsaker. Personell frå Radøy barnevern vert med som nr. 2 i desse undersøkingane
- Radøy barnevern hjelper Austrheim barnevern i to konkrete saker pr. dags dato.
- Radøy barnevern kan etter avtale gjennom sin leiar, gå inn i fleire saker
- Barnevernsleiar i Radøy tilbyr rettleiing inn mot nyttilsett i Austrheim barnevern. Det vert lagt opp til fast rettleiing etter avtale mellom dei to.
- Barnevern i Radøy hjelper til og evaluerer løpande i arbeidet framover med spørsmål som oppstår frå tilsette i Austrheim barnevern i den grad dei har ledig kapasitet.
- I saker etter barnevernslova 4.6 og 4.12 kan Radøy barnevern bidra med assistanse.
- Rettleiingsoppdrag frå familierettleiar

Avtalen gjeld frå og med 19.08.2016. Avtalen opphører når Austrheim barnevern har fått oppigjen kapasiteten bamanningsmessig.

For kjøp av desse tenestene betaler Austrheim kommune til Radøy kommune fylgjande pr. time: 495,- kr. Prisen kan bli justert etter lønsauke.

Tilsette i Radøy barnevern leverer reiserekning etter vanlege satsar til Austrheim kommune.

Begge partar kan sei opp avtalen med 14 dagars mellomrom.

Manger

Radøy kommune

Rådmann

Austrheim 15.09.16

Austrheim kommune

Rådmann